Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: N. Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Verdal

Emne: Skav

Bygdelag:

Oppskr. av: Johs. Dahl

Gard:

(adresse): Verdal

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og spurd andre gamle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Det vart helst kalla hjelpefor.
2 Nei ikkje nokon annan nemning
3 Her heiter det å skåvå – skev – skov – skevi.
4 Før i tida da det ofte vart lite høy når det leid ut på vinteren, vart det brukt skav for å drygge ut med. Det vart mest brukt i fjelltraktene, der det var vanskelig å skaffe anna for når det vart forlite for dei. Det vart også tildels brukt nede i bygda, men der helst som kraftfor
5 Det var berre rogn som vart brukt. I trakter der det var lite om rogn. kunne dei tildels brukke osp. (Lind og alm veks ikkje vill her)
6 Skjevla kalla dei tildels rognkalbar som dei hadde skavne borken av.
7 Dette rimet er heilt ukjent her.
8 Bade storfe og småfe fekk skav, men ikkje hest.
Skavet vart blanda med hakk av halm eller agner i eit kar, der det stod ei stund, helst over ei natt. Dette vart kalla sørpe som var delt ut mellom dyra

9487

9 Dei trudde det vart meir og kraftigare mjølk når dei fekk rognbork attåt anna for. Rømmen vart kraftigare og smøret meire gult. Vart det brukt for mykje og utan hoveleg blanding av anna for, kunne det bli ein harsk smak på mjølka.

10 Var det om å gjera få i skav, var dei eins ærend til skogs og henta rogn. Her brukte dei aldri lauvved til høyjeved, berre gran til dette bruk.

11 Noen serskilt nemning for å skaffe skavved var det ikkje. Dei sa vel, dersom dei i det heile sa noko, at dei skulle stod å hente rogn.

12 Det vart kalla skavved

13 Nei ordet morka er heilt ukjent her, og ikkje brukt i noen samanheng

14 Det var helst på etterjulsvinteren, at skavveden vart henta og ikkje halde for å vera noko striare enn å hente eit anna lass frå skogen. Elles fanst rognen mykje på innemark, attmed skigardar og utmed vegar og gråfter.

15 Å skave var var helst kveldsarbeide i daglegstova.

16 Her brukte dei ikkje anna enn ein vanleg smal tollekniv å skave med. Dei heldt kubben i venstre handa og kniven i høgre. Anna reidskaps brukte dei ikkje

17. Noen av desse reidskaper som er nemnd her, har ikkje vore brukt her sjå nr 16.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9487

18 Sjå 16 og 17.
Ordet skavkniv er ukjent her.

19 Dei sat på ein stol og bar seg åt som det er nemnd under 16. Dei måtte ikkje skjære tjukkje barkskiver. Om det var ein stor lamp, måtte det gjeres små og fine skiver. Finast vart det av tunne kustar.

Sjå

20 Barken som var skave av, kalla dei
21 berre skav. Kjeppen var det ikkje nako namn på

22 Det vart skave av både tjukke og tunne kjeppar men dei tunne var best.
Dei var kappa med ca. ei alns lengde

23 Gamle folk kalla dei avbarka lampane skjevel - bøygning berre i fleirtal - skjevla skjevlane - skjevlam.

24 Skavet skal vera tunt og fint, berre barken inkje av veden skal vera med.
Dei var flinkast til å skave som kunne få det smått og fint.

Sjå 19 AR.

25 Veden vart brukt til brennsel.

26 Nå i bygda er vel skav heilt avlagt. Men i fjellbygden er det enda i bruk når det blir lite høy

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9487